



MØTEPROTOKOLL

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 05.03.2019
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Åshild Vik	Medlem	SV
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Milan Ilic	Margrete Trovåg	AP
Einar Børtveit	Erlend Koppen	KRF
Petter Espe	Sindre Rotevatn	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Børild Skåra	Rådgjevar Landbrukskontoret – PS 15/19 og PS 16/19
Edvin Løfoll	Avdelingsleiar veg og park – PS 17/19 og OS 3/19
Roy Inge Heltne	Brannsjef – OS 2/19



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 13/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 14/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 15/19	Søknad om deling av landbrukseigedom - Gbr 74/1
PS 16/19	Søknad om deling av landbrukseigedom - Gbr 156/2
PS 17/19	Kommunal overtaking av veg – Follavegen
PS 18/19	Dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av bustadhus gbr 20/7
PS 19/19	Orienteringssaker
OS 2/19	Avhending av Willy brannbil frå 1957
OS 3/19	Oppfølging - orientering om veglys
OS 4/19	Melding om politisk vedtak - Val av nye varamedlemer i kontrollutvalet
OS 5/19	Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019

PS 13/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var sju røysteføre ved møtestart.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Det var ingen merknadar til saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 14/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå forrige møte 29.01.19.

Røysting:

Møteprotokoll frå forrige møte 29.01.19 vart samrøystes godkjent.

PS 15/19 Søknad om deling av landbrukseigedom - Gbr 74/1

Administrasjonen si tilråding:

Frådeling etter § 12 i jordlova, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 05.01.2019, frå Håvard Sigbjørn Botn, eigar av gnr 74 bnr 1. Det vert søkt om frådeling av festetomta 74/1/1 på 780 m².

Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av festetomta slik det er søkt om. Grunngevinga er at ein vurderer ulempene for hovudbruket som små, både med omsyn til arealressursane og driftsmessig for landbruket i området.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 05.03.2019:

Frådeling etter § 12 i jordlova, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 05.01.2019, frå Håvard Sigbjørn Botn, eigar av gnr 74 bnr 1. Det vert søkt om frådeling av festetomta 74/1/1 på 780 m².

Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frådeling av festetomta slik det er søkt om. Grunngevinga er at ein vurderer ulempene for hovudbruket som små, både med omsyn til arealressursane og driftsmessig for landbruket i området.

PS 16/19 Søknad om deling av landbrukseigedom - Gbr 156/2

Administrasjonen si tilråding:

Omdisponering etter § 9 og frådeling § 12 i jordlova, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 05.01.2019, frå Lars Roger Sivertstøl, eigar av gnr 156 bnr 2. Det vert søkt om frådeling av bustadtomt på 0,9 daa.



VOLDA KOMMUNE

Med heimel i jordlova § 9 gjev Forvaltningsutvalet løyve til omdisponering av 0,9 daa dyrkbar jord. Grunngevinga for å gi løyve er at tomta har ei gunstig plassering i ytterkanten av området.

Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga er at tomta får god avstand til tunet, og vidare at ein vurderer ulempene for hovudbruket - ressurs- og driftsmessig som små.

Handsaming:

Sindre Kvangarsnes møtte 13:08. Det var åtte røysteføre.

Børild Skåra frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda svarte på spørsmål.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 05.03.2019:

Omdisponering etter § 9 og frådeling § 12 i jordlova, vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 05.01.2019, frå Lars Roger Sivertstøl, eigar av gnr 156 bnr 2. Det vert søkt om frådeling av bustadtomt på 0,9 daa.

Med heimel i jordlova § 9 gjev Forvaltningsutvalet løyve til omdisponering av 0,9 daa dyrkbar jord. Grunngevinga for å gi løyve er at tomta har ei gunstig plassering i ytterkanten av området.

Med heimel i jordlova § 12 gjev Forvaltningsutvalet løyve til frådeling slik det er søkt om. Grunngevinga er at tomta får god avstand til tunet, og vidare at ein vurderer ulempene for hovudbruket - ressurs- og driftsmessig som små.

PS 17/19 Kommunal overtaking av veg - Follavegen

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek at vegparsellen som vist på kart dagsett 20.02.2019 vert overtatt av kommunen for framtidig drift og vedlikehald.

Handsaming:

Edvin Løfoll, avdelingsleiar veg og park, svarte på spørsmål frå Forvaltningsutvalet.

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 05.03.2019 til Kommunestyret:

Volda kommunestyre vedtek at vegparsellen som vist på kart dagsett 20.02.2019 vert overtatt av kommunen for framtidig drift og vedlikehald.

PS 18/19 Dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av bustadhus gbr 20/7

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 17.12.2018 og gir med heimel i Plan og Bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av bustadhus - hus nr 2 - på eigedomen gbr 20/7.*
- 2. Det vert gitt løyve til omdisponering av om lag 0,5 da dyrkajord etter jordlova § 9 til omsøkte plassering. Grunngeving er at huset får ei naturleg plassering i tunet.*

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 05.03.2019:

- 1. Forvaltningsutvalet viser til søknad datert 17.12.2018 og gir med heimel i Plan og Bygningslova §19-2 dispensasjon frå kommuneplan for oppføring av bustadhus - hus nr 2 - på eigedomen gbr 20/7.*
- 2. Det vert gitt løyve til omdisponering av om lag 0,5 da dyrkajord etter jordlova § 9 til omsøkte plassering. Grunngeving er at huset får ei naturleg plassering i tunet.*

PS 19/19 Orienteringssaker

OS 2/19 Avhending av Willy brannbil frå 1957

Handsaming:

Brannsjef Roy Inge Heltne orienterte og svarte på spørsmål frå Forvaltningsutvalet.



VOLDA KOMMUNE

OS 3/19 Oppfølging - orientering om veglys

Handsaming:

Avdelingsleiar for veg og park, Edvin Løfoll, orienterte og svarte på spørsmål.

OS 4/19 Melding om politisk vedtak - Val av nye varamedlemer i kontrollutvalet

OS 5/19 Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019

Møte slutt kl. 13:55.

Rett utskrift,

Volda kommune, servicekontoret

05.03.2019

Sunniva Utnes

Konsulent